

Møteinnkalling

Utvalg: Vestlandsrådet
Møtested: , Scandic Flesland, Bergen
Dato: 27.11.2019
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til Arne Hope.
Møtesekretær innkaller vararepresentanter.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Evt. forfall meldes til Arne Hope på tlf 952 43 823 eller mail: arne.hope@rogfk.no

leder

Arne Hope
utvalgssekretær

Saksliste

Utvalgs- saksnr.	Tittel	UOFF (Lukket)
PS 23/2019	Godkjenning av møteprotokoll 21. juni	
PS 24/2019	Dekning av utgifter på nasjonal cruisekonferanse	
PS 25/2019	Orienteringer om internasjonalt arbeid	
PS 26/2019	Travel like the locals - vidareføring	
PS 27/2019	Uttale til NOU 2019-16 Skattlegging av vannkraftverk	
PS 28/2019	AutoPASS på ferjer - status	
PS 29/2019	Cruisestrategi for Vestlandet som case i mentorordning gjennom FINN-EU og Forskningsrådet	
PS 30/2019	Prosjektet Tiltak mot marin forøpling	
PS 31/2019	Europapolitisk forum - oppnemning av nytt medlem	
PS 32/2019	Møteplan for Vestlandsrådet 2020	

Saksframlegg

Arkivreferanse:2019/44505- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Godkjenning av møteprotokoll 21. juni

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
23/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Protokollen frå Vestlandsrådet sitt møte 21. juni 2019 vert godkjent.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.



Utvalg: Vestlandsrådet
Møtested: Sunnfjord hotell, Førde
Dato: 21.06.2019
Tid: 09:00 - 14:30

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Faste medlemmer som ikke møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Arne Hope	

Saksliste

Utvalgs- saksnr.	Tittel	UOFF (Lukket)
RS 1/2019	Deltakare, orienteringar og diverse	
PS 14/2019	Godkjenning av protokoll frå møte i Vestlandsrådet 15. februar 2019	
PS 15/2019	Framtidig organisering av Vestlandsrådet	
PS 16/2019	Plattform for Vestlandsrådet	
PS 17/2019	Rapportar om internasjonalt arbeid Vestlandsrådet deltek i	
PS 18/2019	Arbeidet med handlingsplan for cruisestrategi for Vestlandet - status mai 2019	
PS 19/2019	Felles innspill til NTP-arbeidet	
PS 20/2019	Tilskot til utbygging av breiband	
PS 21/2019	Betalingskonseptet «AutoPASS for ferje»	
PS 22/2019	Etablering av ein database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet	

RS 1/2019 Deltakare, orienteringar og diverse /-

Vestlandsrådets behandling av sak 1/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Deltakarar:

Vestlandsrådets medlemmer:

	<u>Forfall</u>	<u>Møtande vara</u>
Rogaland fylkeskommune		
Solveig Ege Tengesdal (Krf) – fylkesordfører/leiar		
Marianne Chesak (A) – fylkesvaraordfører	x	Ingen
Arne Bergsvåg (Sp)		
Janne Johnsen (H)	x	Ingen
Pål Morten Borgli (Frp)	x	Mats Danielsen
Hordaland fylkeskommune		
Anne Gine Hestetun (A) – fylkesordfører	x	Ingen
Pål Kårbø (Krf) – fylkesvaraordfører		
Benthe Bondhus (Sp)		
Silja Ekeland Bjørkly (H)		
Terje Søviknes (Frp)	x	Sigbjørn Framnes
Sogn og Fjordane fylkeskommune		
Jenny Følling (Sp) – fylkesordfører		
Åshild Kjelsnes (A) – fylkesvaraordfører		
Noralv Distad (H)		
Trude Brosvik (Krf)		
Jakob Andre Sandal (SV)		
Møre og Romsdal fylkeskommune		
Jon Aasen (A) – fylkesordfører		
Gunn Berit Gjerde (V) – fylkesvaraordfører	x	Ingen
Jan Ove Tryggestad (Sp)	x	Mette Belden
Charles Tøsse (H)		

Frank Sve (Frp)

Inviterte til fast deltaking i rådet sine møte:

Roger Valhammer (A) – byrådsleiar,
Bergen

x

Ingen

Christine Sagen Helgø (H) – ordførar,
Stavanger

x

Ingen

I tillegg møte følgjande frå fylkeskommunane:

- Inge Smith Dokken, fylkesrådmann i Rogaland
- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann i Møre og Romsdal
- Bård Sandal, fylkesdirektør regionalutvikling, Hordaland fylkeskommune
- Arne Hope, Rogaland , sekretariatsleiar og møterefereent
- Randi Klæbo, Rogaland
- Kristin Rundsveen, Sogn og Fjordane
- Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane
- Beate Bergsholm, Hordaland
- Marit Holen, Møre og Romsdal

Leiaren overlot ordstyrarfunksjonen til Jenny Følling.

Foredrag og orienteringar

- Marit Holen, Møre og Romsdal – Travel Like the Locals
- Kristian Jørgensen, FjordNorge AS – Aktuelt i Fjord Norge
- Hanne Kristine Samstad, Cowi – Evt hurtigbåtrute Bergen - Ålesund via Stadt skipstunnel
- Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane -

Saksliste og vedtak

Sak 21/19 vart sett først på saklista.

Vedtak

**PS 14/2019 Godkjenning av protokoll frå møte i Vestlandsrådet 15. februar 2019
2019/26920-1**

Vestlandsrådets behandling av sak 14/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet godkjenner protokollen frå møtet 15. februar.

PS 15/2019 Framtidig organisering av Vestlandsrådet 2019/24971-1

Vestlandsrådets behandling av sak 15/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling**Votering:**

Etter gruppemøte stilte Jenny Følling følgjande framlegg til tillegg til pkt 1 i fylkesrådmannens innstilling:

«Kvart av dei tre fylka oppnemner 6 representantar kvar til Vestlandsrådet. For 2020 betalar kvart fylke kr 600.000.

Dette vert innarbeidd i samarbeidsavtalen.»

Vedtak

1. Vestlandsrådet rår til at Møre- og Romsdal, Vestland og Rogaland vedtek framlegg til ny samarbeidsavtale slik han ligg føre. Dette inneber at dei tre samarbeidande fylka har like mange representantar og betaler like stor kontingent til rådet.

Kvart av dei tre fylka oppnemner 6 representantar kvar til Vestlandsrådet. For 2020 betalar kvart fylke kr 600.000.

Dette vert innarbeidd i samarbeidsavtalen.

2. Fylkesrådmannen i Rogaland går i løpet av hausten 2019 gjennom og oppdaterer nettsida vestlandsraadet.no i samarbeid med dei øvrige fylkeskommunane.

PS 16/2019 Plattform for Vestlandsrådet 2019/25143-1

Vestlandsrådets behandling av sak 16/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling**Votering:**

Trude Brosvik stilte følgjande forslag til tekst i pkt 6 i plattformen:

Alternativt pkt 1:

Vestlandsrådet engasjerer seg i saker kring kultur og identitet som er viktige i eit vestlandsperspektiv.

Nytt pkt 2:

Landsdelen vår er eit kjerneområde for nynorsk, og vi vil derfor ha eit aktivt forhold til nynorsken som tale- og skriftspråk.

Pkt 2 i innstillinga blir nytt pkt 3.

Fylkesrådmannens forslag til pkt 1 fekk 0 røyster og falt.

Brosviks forslag til nytt pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Brosviks forslag til nytt pkt 2 vart vedteke mot tre røyster.

Fylkesrådmannens opprinnelege pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet vedtek framlegg til ny plattform med følgjande nye ordlyd i avsnitt 6 Kultur - identitet:

«Vestlandsrådet engasjerer seg i saker kring kultur og identitet som er viktige i eit vestlandsperspektiv.

Landsdelen vår er eit kjerneområde for nynorsk, og vi vil derfor ha eit aktivt forhold til nynorsken som tale- og skriftspråk.

Vestlandsrådet ønskjer at den særeigne fjord- og kystkulturen vert synleg, mellom anna i reiselivet.»

PS 17/2019 Rapportar om internasjonalt arbeid Vestlandsrådet deltek i 2019/26301-1

Vestlandsrådets behandling av sak 17/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Fylkesrådmannens forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rapporten frå internasjonalt arbeid vert teke til orientering.

PS 18/2019 Arbeidet med handlingsplan for cruisestrategi for Vestlandet - status mai 2019 2019/26311-1

Vestlandsrådets behandling av sak 18/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Fylkesrådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet tek statusrapporten frå arbeidet med handlingsplan for cruisestrategi til orientering.

PS 19/2019 Felles innspill til NTP-arbeidet 2019/27038-1

Vestlandsrådets behandling av sak 19/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Etter at sak var drøfta, stilte Jenny Følling følgjande framlegg:

«AU får fullmakt til å gi endeleg innstilling på grunnlag av innspela i Vestlandsrådet.»

Dette vart samrøystes vedteke.

Vedtak

AU får fullmakt til å gi endeleg innstilling på grunnlag av innspela i Vestlandsrådet.

PS 20/2019 Tilskot til utbygging av breiband 2019/26919-1

Vestlandsrådets behandling av sak 20/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Jenny Følling foreslo: «Saka tas til etterretning»

Vedtak

Saka tas til etterretning

PS 21/2019 Betalingskonseptet «AutoPASS for ferje» 2019/27505-1

Vestlandsrådets behandling av sak 21/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering:

Mats Danielsen stilte følgjande forslag:

«I arbeidet med AutoPass for ferjer er det en forutsetning at belastningen skal være reell og basert på det faktiske antall passasjerer. Videre er det en forutsetning at prisene blir lavere enn med dagens ordning og at besparelsene gagnar forbrukerne.

Det bør også legges opp til at en får den samme oversikten som en tidligere har fått med ferjepassene.»

Jenny Følling stilte følgjande forslag:

«Vestlandsrådet ber om at det vert laga ei felles saksutgreiing til fylkestinga i oktober. Fristen for å løyse inn eksisterande verdikort utsettes til 01.01.2020.»

Danielsens forslag fekk 1 røyst og fall.

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet ber om at det vert laga ei felles saksutgreiing til fylkestinga i oktober. Fristen for å løyse inn eksisterande verdikort utsettes til 01.01.2020.

PS 22/2019 Etablering av ein database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemdar på Vestlandet 2019/26896-1

Vestlandsrådets behandling av sak 22/2019 i møte den 21.06.2019:

Behandling

Votering

Fylkesrådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestlandsrådet støtter etableringa av ein kvalitetssikra database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet med moglegheit for geografiske og næringsmessige aggregering.
2. Vestlandsrådet ber nye Vestland fylkeskommune legge fram eit løysingsforslag for ein slik database, inkludert kostnadsestimat for etablering og drift, på første møte i rådet våren 2020.
3. Vestlandsrådet ber fylka peike ut og frigi administrative ressursar til prosjektgruppa og referansegruppa for dette prosjektet.
4. Vestlandsrådet løyver kr 50 000,- til arbeidet med å lage eit løysingsforslag. Dette skal dekke prosjektgruppa sine utgifter, inkludert frikjøp av prosjektleiar og IT-ressurs.

Saksframlegg

Arkivreferanse:2019/45301- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Dekning av utgifter på nasjonal cruisekonferanse

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
24/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

På møtet i Vestlandsrådet 21. juni vart det lagt fram ei orienteringssak om arbeidet med handlingsplanen for cruisestrategi for vestlandsregionen. I regi av dette prosjektet vert det arrangert ein nasjonal konferanse i Bergen 29. oktober 2019.

Konferansen er i hovudsak finansiert av deltakeravgift (kr 500,-) Men det vil følgja med nokre utgifter til profesjonell møteleiar, samt nokre reisekostnader. Desse er samla stipulerte til rundt 50-60.000 kr.

Saka vart handsama i AU 3. oktober, og det vart der gjort følgjande tilråding:

«AU rår til at Vestlandsrådet løyver inntil kr 50-60.000,- til dekning av utgifter i samband med nasjonal cruisekonferanse.»

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet løyver inntil kr 50-60.000,- til dekning av utgifter i samband med nasjonal cruisekonferanse.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/43374- 1
Saksbehandler: Geir Sør-Reime, Rogaland
Avdeling: Fylkesrådmannen

Orienteringer om internasjonalt arbeid

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
25/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Saka vert tatt til orientering

Nordsjøkommisjonen og CPMR

Ny Nordsjøstrategi

Nordsjøkommisjonen har arbeidd med eit nytt strategidokument sidan i fjor, og framlegg til overordna prioriteringar blei lagt fram på generalforsamlinga i Marstrand i juni. Etter det har arbeidsgruppa arbeida vidare med dokumentet, og det ligg no føre eit framlegg til ny strategi som skal drøftast på styremøtet i Nordsjøkommisjonen 8.november. Merknader frå dette møtet skal så arbeidast inn i dokumentet, som så igjen vert lagt fram for styret til våren, og på generalforsamlinga i juni 2020. Her skal strategien 2020-30 vedtakast.

Det er med andre ord framleis mogleg å gje innspel og kommentarar til utkastet.

Innleiinga seier at formålet med strategien er at han

- skal vera grunnlag for Nordsjøkommisjonens arbeid framover
- vil bli fylgt opp med toårige handlingsplanar
- er grunnlag for påverknadsarbeid, felles innspel til høyringar på EU og medlemsstatnivå, for utvikling av felles prosjekt, for utveksling av informasjon og god praksis mellom medlemsfylka og for å gjera innbyggjarane medvetne om europeisk politikk
- vil definera Nordsjøkommisjonens prioriteringar i samarbeid med statleg nivå og andre aktørar i Nordsjøområdet
- vil bli nytta i dialogen med Interreg Nordsjøprogrammet for å få gode synergjar mellom politiske mål og Interreg-prosjekt
- er eit verktøy for Nordsjøkommisjonens kommunikasjon med medlemsfylka, potensielle medlemmar og andre aktørar i Nordsjøregionen
- har fokus på område der det er trong for transnasjonalt samarbeid og der regionale styremakter kan spela ei rolle
- syner korleis Nordsjøregionen kan vera med og oppfylle verdas mål for berekraftig utvikling

Strategien skal vera eit tillegg til CPMRs strategiar og visa korleis Nordsjøkommisjonen kan støtta opp om arbeidet til CPMR.

Strategien har fire satsingsområde:

- Ein produktiv og berekraftig Nordsjø, med berekraftig marin og maritim utvikling
- Ein klimanøytral Nordsjøregion, ein region med klimatiltak og klimatilpassing for å nå målet om null klimagassutslepp innan 2050
- Ein godt samanvevd Nordsjøregion, med fossilfri, sikker og brukarvenleg transport overalt og til alle
- Ein smart Nordsjøregionen, som er i front i berekraftig økonomi og demokrati

Avslutningsvis har strategidokumentet eit avsnitt om korleis ein vil gjennomføra tiltak for å nå måla i strategien. Det handlar om samarbeid mellom medlemsregionane, mobilisering av medlemar, andre aktørar og innbyggjarane, utvikling av ny kunnskap, utvikla, fylgja og ta i bruk resultat frå EU-finansierte prosjekt og samarbeida med Interreg Nordsjøprogrammet for sams mål, påverka utforming av europeisk, nasjonal og regional politikk gjennom fråsegner, policy-dokument og gjennom samarbeid med nasjonale, europeiske og internasjonale institusjonar og organisasjonar.

CPMR Manifest

CPMR hadde generalforsamling i Palermo på Sicilia 18.-19.oktober. På generalforsamlinga var Rogaland og Sogn og Fjordane representert på både politisk og administrativt nivå, medan Møre og Romsdal berre hadde administrativ deltaking. Hordaland deltok ikkje på møtet.

På møtet blei det vedteke eit manifest, forutan to policydokument der CPMR kjem med kommentarar til EU-dokument om transportpolitikk og om klimapolitikk.

Policydokumentet om transportpolitikk handlar fyrst og fremst om at alle regionar i Europa må få lett tilkomst til dei overordna transportstrukturane knytt til vegar, jernbane, båtruter og flyruter, medan policydokumentet om klimapolitikk primært handlar om at det må etablerast partnerskap mellom nasjonale og regionale organ for gjennomføring av EU sine klimamål.

Manifestet i fem punkt summerer opp CPMR sine hovudprioriteringar: forsvar for dei demokratiske tradisjonane i Europa, utvikling av alle regionane i Europa, styrka regionalpolitikken, nytta regionane til å gjennomføra politikken, og eit tett samarbeid mellom EU og dei andre landa i Europa for å løysa felles utfordringar.

Marianne Chesak held fram som norsk vararepresentant til styret (byrået) fram til generalforsamlinga oktober 2020, og arbeidsdelinga mellom henne og fast representant Gunn Marit Helgesen blir som no, der Gunn Marit primært arbeider med saker som 1.visepresident og kasserar i organisasjonen, medan Marianne ivaretek dei norske medlemsfylka.

Framlegget til strategi for Nordsjøregionen 2020-30 og CPMRs manifest er lagt ved.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.



A MANIFESTO FROM THE CPMR: REGIONS AT THE HEART OF A REFORMED EUROPEAN UNION

The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) and its 150 Member Regions are of the firm opinion that territories matter in a reformed European Union (EU) that should also act as a stronger global actor.

Following the European elections and as the new European Commission is about to start its mandate, the CPMR highlights the following messages to the European institutions.

1 A Europe that trusts Regions to provide democratic legitimacy to the European Union project

- 1.1** We believe that the European Union should be engaging and proactive: **we want a Europe that provides leadership and frameworks for cooperation, supported by a strong EU budget.** A Europe that recognises the strength and value of regions as key enablers in translating ambition into action, often on a more appropriate and effective scale than national governments. Regions and cities are assets and allies in connecting with citizens, in tackling the many challenges Europe is facing, and in giving democratic legitimacy to the European project. Democracy is one of the core values of the European Union, at local, regional, national and European level.
- 1.2** **The Regions are essential partners of a European Union** which benefits from the rich diversity of its regions and aims towards ensuring the welfare of the whole of its population, preserving major ecological balances, peace and strengthening human rights throughout the world.
- 1.3** **Europe is more than a market.** Europe is a community of states, regions and citizens who share a common destiny and work together on politics. Europe is a project of common values and interests, about how to respond to new challenges and opportunities. We share not only a continent, but also a history, an identity and, most importantly, a future.
- 1.4** **The Member Regions of the CPMR defend this model of Europe and call for action.** The common values that Europe stands for are at stake, and we can no longer choose to turn inwards within national borders. Europe alone can enable us to take action in the world, in the face of the contemporary challenges we all face.

2 A European Union with an ambitious and long-term strategy

The European Union should equip itself with a long-term strategy to achieve balanced territorial development throughout Europe, in line with the UN 2030 Sustainable Development Goals, and to turn the Territorial Agenda into a reality to unlock the potential at regional level. This strategy should, in particular:

- 2.1 Ensure that future EU and wider European policies are designed to consider the diversity of territories**, both in terms of building on their potential and addressing their specific needs. Particular attention should be paid to territories beset by permanent and geographical handicaps.
- 2.2 Reach carbon neutrality by 2050 at the latest.** The transition to carbon neutrality and to a resilient society should be fair and socially balanced and delivered in full partnership with regional and local authorities, businesses and citizens. CPMR Members are on the front line of both suffering the effects and putting in place solutions to combat and adapt to climate change.
- 2.3 Reassert Cohesion Policy as the EU's main investment policy** for accomplishing a green, carbon-free and socially just Europe fit for the digital age. The Commission's renewed ambitions for Europe should be achieved through the policy objectives of Cohesion Policy. The implementation of Cohesion Policy at regional level should stimulate collaboration with regions across national borders to strengthen the joint development of the European Union.

3 A European Union relying on Regions to reach its objectives

Many of the EU's current and emerging challenges and opportunities are located at Europe's periphery. Member Regions of the CPMR are highly strategic and legitimate actors to deliver on these priorities. Given the growing importance of climate change and its concrete impacts, the Member Regions of the CPMR affirm their willingness to step up their actions within the scope of all their competences in order to achieve carbon neutrality and improve the resilience of the regions. As part of a long-term strategy and regarding regionally relevant policy action at European level, the European Union should:

- 3.1 Ensure that objectives linked to sustainability are strongly connected to territorial cohesion.** Future EU wider European funding programmes involving regions from third countries should be designed to ensure that all territories in Europe are able to reach such objectives.
- 3.2 Explicitly integrate a territorial approach within EU and wider European climate and energy policies** and recognise and foster the role that CPMR Member Regions have for clean renewable energies, carbon capture and storage, as fundamental tools for achieving the carbon neutrality objective by 2050 and in delivering EU objectives.

- 3.3 Broaden and strengthen the Smart Specialisation (S3) approach** building upon regions' individual strengths and cooperation with other regions.
- 3.4 Pay special attention to the different adaptation capacities of regions to the effects of climate change** in order to reduce their vulnerability to it and to avoid increasing inequalities between them.
- 3.5 Prioritise protecting the marine environment and sustainable blue growth, drawing on smart specialisation, training and circular economy principles** in sectors such as marine renewable energies, maritime industries, fisheries and aquaculture.
- 3.6 Ensure that future EU and wider European transport policies guarantee territorial accessibility and an equal access to smart and clean mobility** throughout Europe and with its neighbours. The existing Trans-European Transport Networks (TEN-T) must be completed in the established deadline of 2030 for the core network and 2050 for the comprehensive network, and strengthened in all regions, while prioritising sustainable transport modes and enhancing intermodal solutions.
- 3.7 Develop a strong ambition for sustainable maritime transport and Motorways of the Sea** as key elements to deliver an innovative and sustainable European transport system in order to meet targets on carbon neutrality.
- 3.8 Pursue the efforts to make aviation greener** and more sustainable, and **to provide long-term accessibility** to all CPMR Member Regions.
- 3.9 Facilitate the development and uptake of innovative and intelligent transport solutions** (e.g. automated autonomous transport).
- 3.10 Ensure that future EU migration policies** are designed to acknowledge the supportive role that regions that so wish can play in that regard, and provide adequate finance mechanisms according to the needs of territories - especially those located at the external borders of the EU - and improve the links between migration, the integration of migrants and development, while respecting international law and human rights.

4 A European Union empowering Regions to deliver European policies to citizens from all corners of Europe

To achieve this, the European Union should:

- 4.1 Prioritise EU policies and priorities delivered in partnership with regional authorities under shared-management** and work to improve the quality of partnership arrangements between the regional, national and European level to deliver such programmes (in particular Cohesion Policy funds and the European Maritime and Fisheries Fund).
- 4.2 Be accompanied by a substantial reform of the European Semester** to ensure meaningful involvement of regions and a greater territorial dimension when it comes to **guiding investment from European Structural and Investment Funds**.
- 4.3 Deliver a level playing field for all EU funds and financial instruments supporting investment** (centrally managed or under shared management) in the future, based on the principle of multi-level governance.

4.4 Reduce the bureaucratic burden on beneficiaries and managing authorities of EU funds in a clear framework to deliver genuine simplification.

5 A European Union based on cooperation and solidarity between peoples and territories

Many challenges and opportunities transcend national borders and require a European solution. The European Union must be bold to reinforce existing policies and design new solutions to foster cooperation, dialogue, and joint working between EU and non-EU regions, territories and countries. It should therefore:

- 5.1 Show real ambition on European Territorial Cooperation** by increasing its funding and enhancing its role to contribute to a sense of EU community and build on the innovation potential at regional level, and by advocating also for maintaining all forms of cross-border cooperation including maritime.
- 5.2 Sustain and reinforce existing cooperation mechanisms between EU regions and the UK nations and local authorities** in the context of Brexit and provide financial mechanisms to alleviate the impact of Brexit to the most affected regions.
- 5.3 Support cooperation frameworks such as macro-regional and sea-basin strategies, and similar initiatives.** These frameworks provide significant EU added value to align priorities, funding resources and strengthen the multilevel cooperation between stakeholders from EU, Pre-Accession and non-EU Neighbourhood countries. The role, the potential, and the participation of regions need to be reinforced and fully exploited in terms of governance and implementation as well as financially.
- 5.4 Ensure that the future EU Neighbourhood Policy further considers the regions and the needs of all neighbourhood partner countries,** as well as their territorial stakeholders. The Neighbourhood, Development and International Cooperation Instrument and the European External Investment Plan should provide a key role and adequate funding opportunities for regional and local authorities, amplifying the connection with other EU sectoral policies.
- 5.5 The EU Neighbourhood Policy should strengthen democracy, rule of law and human rights, and should facilitate the participation of third country partners** in projects together with partners from European regions.
- 5.6 The European Union should capitalise on and make visible** at international level the potential that European regions bring to the Sustainable Development Goals 2030 Agenda through decentralised cooperation and new alliances with stakeholders from third countries.

**Adopted unanimously
Palermo, 18 October 2019**



**CPMR
CRPM**

The Peripheral Maritime Regions listed below met for the 47th CPMR Annual General Assembly in Palermo (Sicily, Italy) on 17-18 October 2019:

ABERDEEN CITY (UK), ABRUZZO (IT), AÇORES (PT), ALENTEJO (PT), ANDALUCÍA (ES), AUST AGDER (NO), BALEARES (ES), BORNHOLM (DK), BRETAGNE (FR), CALARASI (RO), CANARIAS (ES), CANTABRIA (ES), CATALUNYA (ES), CORNWALL (UK), CORSE (FR), CYPRUS, DYTIKI ELLADA (GR), EMILIA ROMAGNA (IT), FLEVOLAND (NL), GALICIA (ES), GÄVLEBORG (SE), GENERALITAT VALENCIANA (ES), GOTLAND (SE), GOZO (MT), HELSINKI-UUSIMAA (FI), IONIA NISSIA (GR), JÄMTLAND HÄRJEDALEN (SE), KRITI (GR), KYMENLAAKSO (FI), LAZIO (IT), LIGURIA (IT), MIDTJYLLAND (DK), MØRE OG ROMSDAL (NO), MURCIA (ES), NAVARRA (ES), NOORD-HOLLAND (NL), NOORD-NEDERLAND (NL), NORDJYLLAND (DK), NORRBOTTEN (SE), NORTE (PT), NORTHERN & WESTERN REGIONAL ASSEMBLY (IE), NOUVELLE AQUITAINE (FR), OCCITANIE (FR), ÖREBRO (SE), ØSTFOLD (NO), OSTROBOTHNIA (FI), OULU (FI), PÄIJÄT-HÄME (FI), PAÍS VASCO/EUSKADI (ES), PAYS DE LA LOIRE (FR), PODLASKIE (PL), POLYNÉSIE FRANÇAISE (FR), RABAT-SALE-KENITRA (MA), RÉGION SUD (FR), ROGALAND (NO), SAMEGRELO-ZEMO SVANETI* (GE), SATAKUNTA (FI), SICILIA (IT), SKÅNE (SE), SOGN OG FJORDANE (NO), SOUTH-WEST FINLAND (FI), STOCKHOLM (SE), SYDDANMARK (DK), TELEMAR (NO), TIRANA (AL), TOSCANA (IT), TRØNDELAG (NO), TULCEA (RO), VÄRMLAND (SE), VÄSTERBOTTEN (SE), VÄSTRA GÖTALAND (SE), VEST-AGDER (NO), VESTFOLD (NO), WALES (UK), WEST-FLANDERS (BE), ZUID-HOLLAND (NL)

*OBSERVER

The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) brings together some 150 Regions from 25 States from the European Union and beyond.

Representing about 200 million people, the CPMR campaigns in favour of a more balanced development of the European territory.

It operates both as a think tank and as a lobby group for Regions. It focuses mainly on social, economic and territorial cohesion, maritime policies and accessibility.

CONTACT:

6, rue Saint-Martin, 35700 Rennes
Tel: + 33 (0)2 99 35 40 50

Rond-Point Schuman 14, 1040 Brussels
Tel: +32 (0)2 612 17 00

Email: info@crpm.org; Website: www.cpmr.org

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/43447- 1
Saksbehandlar: Marit Holen, Møre og Romsdal
Avdeling: Fylkesrådmannen

Travel like the locals - vidareføring

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
26/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Samandrag

«Travel like the locals» er turistturar med kollektivtransport. Turane går med bussar, hurtigbåtar og ferjer som uansett skal gå, og slik bidrar konseptet til å fylle tomme seter, og det gir turistar og reiselivsnæringa mogelegheit til å velje eit miljøvennleg reiseprodukt. Ein vinn-vinn-vinn-situasjon for kollektivselskapa, reiselivsnæringa og dei reisande. Det var Møre og Romsdal fylkeskommune som utvikla konseptet med oppstart der i 2016.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommuner innvilga i 2019 inntil 300.000 kroner kvar for å innføre konseptet/produktet «Travel like the locals» i dei tre fylka. Prosjektet resulterte i 50 salsklare turar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland frå juni 2019. Turane er tilgjengelege på nett (titl.no) og hos destinasjonsselskap/turistkontor.

Etter evaluering av sommarsesongen 2019 meiner styringsgruppa, med representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune/Kringom, Hordaland og Rogaland fylkeskommuner, Skyss, Kolumbus og reiselivsnæringa ved NCE Tourism at det er nødvendig å vidareføre prosjektet i minst eit år med ein felles ressurs til overordna styring og midlar til felles marknadsføring, slik at konseptet blir godt forankra og sikre at vidareutviklinga blir gjort i tråd med dei føringar som er lagt, blant anna at fylkeskryssande turar skal prioriterast.

Fylkesrådmannens innstilling

Vestlandsrådet er positive til vidareføring av prosjektet «Travel like the locals» for heile Vestlandet, dvs. fylka Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland i 2020.

Ein kjem attende til løyvingar i budsjettet for 2020.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Bakgrunn

«Travel like the locals» er turistturar med kollektivtransport. Konseptet blei utvikla av Møre og Romsdal fylkeskommune og starta der i 2016. Produkta er ferdig planlagde turar som kan kjøpast på nett og i turistinformasjonar. «Travel like the locals» skal vere med på å fylla tomme seter på bussar, hurtigbåtar og ferjer, skal bidra til å spreie turistane til distrikta og slik bidra til næringsutvikling, og skal gjere det enklare for turistar å reise kollektivt i Noreg.

Hausten 2018 gjekk fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland saman om eit prosjekt for å introdusere «Travel like the locals» i desse tre fylka. Kvart av fylka innvilga inntil 300.000 kroner for å få prosjektet i gang. Marit Holen, rådgivar i Møre og Romsdal fylkeskommune og ansvarleg for «dagleg drift» av «Travel like the locals» der, blei leigd inn som prosjektleiar frå januar 2019 (70 % fram til sommarferien, 50 % etter sommarferien ut året).

Frå 2020 koplar også Møre og Romsdal seg på fellesprosjektet, og dette blir då eit felles prosjekt for heile Vestlandet. «Travel like the locals» får same grafiske profil i alle fylka, alle turar vil bli tilgjengeleg frå felles nettside, og i vidareutviklinga vil det bli lagt vekt på fylkeskryssande turar for å binde fylka saman.

Problemstillingar

Vestlandsrådet må ta stilling til om rådet vil støtte prosjektet med inntil kr. 800.000 til vidareutvikling og marknadsføring i 2020.

Saksopplysningar

Prosjektet, som blei vedtatt hausten 2018, kom i gong i januar 2019. Dette var ganske seint med tanke på at det var ønske om salsklare turar frå mai 2019, og prosjektleiar meinte at byrjinga av juni var det tidlegaste som var råd.

Det var mange avklaringar som måtte gjerast i prosjektet. Driftsmodellen frå Møre og Romsdal, der marknadsseksjonen i samferdselsavdelinga har det heile og fulle ansvaret for drifta av «Travel like the locals», let seg ikkje overføre til dei «nye» fylka, då både fylkeskommunane og kollektivtransporten er ulikt organisert i fylka.

Vi enda opp med ein modell der to destinasjonsselskap, Visit Nordfjord og Destinasjon Voss tok på seg produkteigarskap for høvesvis Sogn og Fjordane (Visit Nordfjord) og Hordaland og Rogaland (Destinasjon Voss). Kolumbus, Skyss og Kringom/Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg med ruteplanlegging. Øvrige destinasjonsselskap og turistkontor skal bidra med marknadsføring og sal lokalt.

Ei styringsgruppe med representantar frå fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, frå Skyss og Kolumbus og frå reiselivet ved NCE Tourism har saman med prosjektleiar tatt dei overordna avgjerelsene, til dømes bestemt økonomisk modell og kva bookingsystem som skal nyttast.

Første uka i juni hadde vi 50 salsklare turar og ei felles nettside (titl.no) tilgjengeleg. Nokre av turane går berre om sommaren, men mange går heile året.

I september har vi evaluert sommarsesongen 2019. Salet har dessverre vore lågare enn vi venta, og evalueringa syner at:

- Vi kom seint i gang. Dette visste vi, men det viser seg at destinasjonsselskapa/turistkontora ikkje greidde å sette av tid til å sette seg nok inn i produkta og derfor ikkje var klare til/komfortable med å selje dei i så stor grad som vi hadde venta.
- Bookingprosessen «over disk» tok litt lang tid. Vi har gjort nokre grep for å gjere dette enklare før 2020-sesongen. Men denne utfordringa heng og saman med punktet over. (Lite kjennskap til produkta blant dei som skal selje.)
- Vi hadde avgrensa tid og midlar til marknadsføring i forkant, så dei reisande kjende ikkje produktet før dei kom til turistkontora. Prosjektleiari har vore klar på at første sesong var vi heilt avhengige av sal over disk (jf. erfaringane frå Møre og Romsdal). Når det ikkje skjedde i den grad vi ønska (ref. dei to første punkta), fekk vi ei utfordring. Meir felles marknadsføring og lokal marknadsføring og produktkjennskap er nøkkelen til betre sal framover. Meir felles marknadsføring vil føre til meir sal på nett.

Styringsgruppa ser at det er behov for å vidareføre «Travel like the locals» som prosjekt i minst eit år til for å sikre at tilbodet blir godt forankra. Den meiner at det framleis trengs midlar til felles marknadsføring. I tillegg er det behov for ein overordna ressurs i 20% stilling. Denne skal ha ansvar for felles marknadsføring og sikring av ei samordna utvikling av tilbodet. Denne ressursen blir også ei støtte for dei to destinasjonsselskapa som har tatt på seg produkteigarskapen for Vestland og Rogaland. (Møre og Romsdal held på sin driftsmodell.)

Midlane er forslått brukt slik:

- Lønnskostnadar ressurs i 20 % stilling: ca. 200.000
- Felles marknadsføring: 600.000
 - digital marknadsføring
 - søkemotoroptimalisering
 - annonsering i sosiale media og i andre relevante digitale kanalar
 - revidering og produksjon av meir trykt, felles marknadsmateriell (plakat, brosjyre)
 - justering av reklamefilm for Travel like the locals

Fjord Norge og ressursar i dei ulike destinasjonsselskapa vil bli involvert i utarbeiding av marknadsføringsplan og –tiltak.

Etter 2020-sesongen blir det ei ny evaluering der ein må sjå på korleis ein skal ivareta Travel like the locals som eit felles prosjekt for heile Vestlandet.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/44184- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Uttale til NOU 2019-16 Skattlegging av vannkraftverk

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
27/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Bakgrunn

Finansdepartementet oppnemnte 22. juni 2018 eit ekspertutval som fekk i mandat å gjere ei vurdering av skattlegging av vasskraftanlegg. I mandatet står det mellom anna:

«Utvalget bes om å gjøre en helhetlig vurdering av kraftverksbeskatningen. Hovedoppgaven er å vurdere om dagens vannkraftbeskatning hindrer at samfunnsøkonomisk lønnsomme tiltak i vannkraftsektoren blir gjennomført.»

Liknande utval har tidlegare vore partssamansett ved at kraftkommunane og energibransjen har vore representert. Så var ikkje tilfelle denne gang.

Kraftproduksjon på Vestlandet

Vestlandet er den største vasskraftproduserande landsdelen. Nær 40% av den samla produksjonen av vasskraft i Norge kjem frå 44 kommunar på Vestlandet.

Kommunale inntekter frå kraftutbygging

Skattlegging av vasskraftverk skjer gjennom ulike ordningar:

Konsesjonsavgiftene er ein del av konsesjonsvilkåra for utbygging, og er ein årleg kompensasjon til kommunen for som dei inngrepa ei regulering eller utbygging utgjær.

Konsesjonskraft. Kommunen får kjøpa kraft til eige forbruk til sjølvkost. Eventuell overskytande kraft inntil 10% av produksjonen (lovteksten: «*inntil 10 prosent av den for hvert vannfall innvunne økning av vannkraften*») vert tildelt den fylkeskommunen kommunen ligg i.

Begge desse ordningane er heimla i vassdragsreguleringslova av 1917. Lova vart til under semje om at kommunane skulle ha ein rimeleg kompensasjon for dei verdiane dei ga frå seg, og dei skader og ulempene i naturen som utbygginga førte med seg.

Eigedomsskatt til kommunen kan skrivast ut på kraftanlegg, og utgjer i dag den største delen av inntektene frå kraftanlegg.

Naturressursskatt utgjer 1,3 øre/kwt. Av dette går 1,1 øre til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen

Grunnrenteskatt frå kraftanlegga går til staten. Det same gjer ordinær selskapsskatt.

Utvalet sine tilrådingar

Grunnrenteskatten vert vidareført. Den nedre grensa for grunnrenteskatt vert flytta frå 10 000kVA til 1500kVA. Dette inneber at dei fleste småkraftverka vert pålagt grunnrenteskatt.

Inntekter frå sal av opprinnelsesgarantiar vert innarbeidd i grunnlaget for grunnrenteskatt. Dette inneber auka inntekter til staten.

Produksjonsutstyr, produksjonsinstallasjonar og fallrettar skal ikkje lenger inngå i grunnlaget for eigedomsskatt på vasskraftanlegg. Dette vil vera tilsvarande prinsippet for utskrivning av skatt på ordinær eigedom, -men ikkje på anna energiverksemd, der desse er faktorane med. Grunnlaget for eigedomsskatt på vasskraftanlegg skal fastsettast til skattemessig verdi, medan formueskattgrunnlaget skal inkludera produksjonsutstyr, produksjonsinstallasjonar og fallrettar.

Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft vert avvikla.

Økonomiske verknader for kommunane

Dei ulike forslaga utvalet kjem med vil gje ein nedgang i inntektene til kommunane med 3.660 mill kr og 740 mill kr til fylkeskommunane. Samstundes vil staten sine inntekter auka med 3.770 mill kr. Vert satsen for grunnrenteskatt auka med to prosentpoeng, slik utvalet er inne på, vil auken verta ytterlegare 630 mill kr. Utvala sine framlegg vil med andre ord bety ei overføring av 4,4 milliarder kroner frå kommunar og fylkeskommunar til staten.

Utvalet skriv rett nok i samandraget:

«En ønsket fordeling kan oppnås ved egne ordninger for omfordeling, enten gjennom naturressursskatten eller gjennom direkte inntektsfordeling. Fordelingsspørsmålet bør vurderes nærmere ved oppfølgingen av utvalgets forslag»

Utrekingar gjort i etterkant viser at det ikkje er lett å omfordela tapte inntekter gjennom inntektssystemet.

Fylkesrådmannens vurderingar og konklusjon

Inntektene frå utbygging av vasskraft er svært viktige for store delar av Vestlandet. Utvalet sine tilrådingar vil drastisk redusera desse. Reaksjonane frå energinæringa syner at heller ikkje dei ser seg tente med dei forslaga utvalet kjem med.

Når utvalet meiner at tapa til dei kraftproduserande kommunane og fylkeskommunane kan kompenseras på andre måtar, så er det brei semje i fagmiljøa om at dette er vanskeleg.

Fylkesrådmannen meiner og at kraftinntekter bør gå direkte til kommunane, utan ei omfordeling gjennom skattesystemet.

Ein foreslår såleis at Vestlandsrådet gjev følgjande uttale:

Framlegg til uttale frå Vestlandsrådet

1

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane på Vestlandet. Samarbeidet har mellom anna til formål å styrka landsdelen og å koordinera den politiske innsatsen til beste for landsdelen.

Nær 40% av all vasskraft i landet vert produsert på Vestlandet, i til saman 44 kommunar. For svært mange av desse kommunane er dei lovbestemte inntektene frå denne næringa avgjerande for å kunne gje eit godt tenestetilbod til innbyggjarane.

Utvalet sine framlegg inneber at kraftkommunane og fylkeskommunane sine samla inntekter vil verta redusert med 4,4 milliarder kroner årleg. Dette vil vera dramatisk for dei aller fleste.

2

Vestlandsrådet meiner at utvalet som skulle vurdera skattlegging av kraftverk burde hatt representasjon frå dei involverte partane, slik som energinæringa og kraftkommunane. Dette ville ha tilført utvalet meir kompetanse og gjort rapporten meir balansert.

3

Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft må sjåast på som ein kompensasjon til lokalsamfunna som har måtta tola store inngrep i naturen og deira del av dei verdiar som vert skapt. Desse inngrepa er varige, og det må og kompensasjonen vera. Det prinsippet vart knesett for over hundre år sidan, og har fleire gonger vorte stadfesta av både stortingsvedtak og høgsterettsdommar. Går ein bort frå dette, vil det vera eit brot på den samfunnskontrakten som vart etablert under dei første utbyggingane og som har fungert godt sidan.

Vestlandsrådet er usamd i at ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er "gått ut på dato", slik utvalet skriv. Konsesjonsavgiftene må sjåast på som ei miljøavgift, og såleis ein del av investeringskostnadane. Desse er betaling for dei varige inngrepa som er gjort i naturen.

Ordninga med konsesjonskraft vil gje kommunane høve til å få fordel av ei forventa framtidig auke i prisen på fornybar vasskraft. Slik vil dei behalde sin del av verdiskapinga, som bygger på dei lokale naturressursane. Dette vil ikkje skje om inntektsbortfallet vert forsøkt kompensert ved andre ordningar. Mange kommunar har og inngått langsiktige og bindande kontraktar om sal av konsesjonskraft. Utvalet ser ikkje ut til å ha vurdert konsekvensane av dette.

Både konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er relativt enkle både å rekna ut og administrera. Energibransjen har heller ikkje ytra noko om at ordningane hemmer vidare investeringar i fornybar vasskraft. Tvert imot seier bransjen at desse ordningane er viktige å halde på slik at kommunane då får eit motiv til å slutta seg til konsesjonen. Kommunane støttar energibransjen i at det er utforminga av grunnrenteskatten som hindrer gjennomføring av lønsame investeringar i modernisering og utvidingar av gamle kraftverk.

Hovedtyngda av framtidige investeringar vil gjelda opprusting, utviding og rehabilitering av eldre verk. Svært få av desse investeringane vil bli belasta med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.

4

Utvalet foreslår at grunnlaget for eidegdomsskatt vert endra frå marknadsverdi til skattemessig verdi. Grunngevinga frå utvalget er at dette er enklare då en i dag brukar dette grunnlaget for småkraft. Utvalet nemner ikkje at Finansdepartementet tidlegare har uttalt at skattemessig verdi i liten grad er egna til å treffe marknadsverdien, som jo er hovudregelen etter eidegdomsskattelova. Og utvalet nemner ikkje at småkrafteigarane i alle år har klagt på at ein brukar skattemessigverdi som grunnlag, då dette inneber at ein skatt som er basert på kostnad gir høgst skatt i starten, og som seinare er uavhengig av kor lønsam verksemda er.

Vestlandsrådet meiner at forslaget ikkje vil gi oppmoding til nye investeringar frå kraftselskapa, -heller tvert om. Frå kommunane si side vil det gi grunnlag for lokal motstand mot elles ønska utbyggingar.

Utvalet foreslår og at ein skal fjerna produksjonsutstyr, produksjonsinstallasjonar og fallrettar frå skattegrunnlaget. Ein slik regel vil vera i strid med kva som gjeld for småkraft. Dette forslaget vert grunngeve med at det då vil vera likt som med eidegdomsskatt på ordinær næringseidegdom.

Vestlandsrådet meiner at dette er ei mistyding av reglane om eidegdomsskatt. Dei reglane som gjeld i dag fangar opp marknadsverdien, medan ein skattemessig verdi er noko heilt anna. Produksjonsutstyr, produksjonsinstallasjonar og fallrettar er det som gjev anlegget verdi. Det vil og gje eit korrekt bilete av anlegga sin verdi.

5

Dei ulike forslaga utvalet kjem med vil gje ein nedgang i inntektene til kommunane med 3.660 mill kr og 740 mill kr til fylkeskommunane. Samstundes vil staten sine inntekter auka med 3.770 mill kr. Vert satsen for grunnrenteskatt auka med to prosentpoeng, vil auken verta ytterlegare 630 mill kr. Utvala sine framlegg vil med andre ord bety ei overføring av 4,4 milliarder kroner til staten.

6

Utvalet har laga ein illustrasjon på korleis ein kan kompensera for dei inntektene kommunane mister. Den går ut på å heva naturressurskatten frå 1,3 til 4,6 øre/kWt og at denne vert omdelt gjennom inntektssystemet. Tal frå KS viser at ei slik ordning vil føre til store omfordelingar mellom kommunane, der bykommunane blir dei store vinnarane og kraftkommunane dei store taparane.

Ei slik ordning inneber at ein erstattar lovbestemte rettar med ei statleg overføring. Vestlandsrådet er sterkt usamd i dette. Kommunane har stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet og har difor eit rettferdig krav på ei motyting. Det er slik konsesjonsordningane er meint å virka.

7

Alle organisasjonar innafor kraftforsyninga har gått sterkt imot utvalet sine forslag. Det gjeld Energi Norge, kraftkommunane, LVK, Norsk Industri, KS, Distrikt Energi, El- og It-forbundet og Småkraftforeninga.

Vestlandsrådet meiner at utvalet sine tilrådingar

- bryt med ein hundreårig samfunnskontrakt mellom dei distrikta som produserer og dei som forbruker vasskraft ved å sette kommunane i ein dramatisk økonomisk situasjon
- ikkje gjev insentiv til investeringar i fornybar vasskraft
- bygger på feil grunnlag når det gjeld utrekning av eigedomsskatt
- bør leggest bort

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/46399- 1
Saksbehandler: Joachim Weißer, Rogaland
Avdeling: Fylkesrådmannen

AutoPASS på ferjer - status

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
28/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Sammendrag

AutoPASS for ferje er et nasjonalt system for betaling av ferjereiser som har erstattet de nasjonale ordninger for betaling på ferje med verdikort og storbrukerkort. På ferjene vil man nå ta betalt via AutoPASS-brikke eller AutoPASS-ferjekort, og betalingen blir trukket fra innbetalt forskudd på AutoPASS-ferjekonto.

Meningen med innføring av AutoPASS som betalingssystem i ferjedrifta er å gjøre selve betalingsprosessen enklere, både for kundene og for mannskapet om bord. Brikkebetaling ved hjelp av AutoPASS vil gjøre ventetiden på kai kortere og redusere kostnader til billettering hos operatørselskaper.

Likevel ble det i forbindelse med innføring av AutoPASS for ferge identifisert en del utfordringer og problemer som må løses.

Vestlandsrådet behandlet saken på sitt møte 21. juni, og fattet følgende vedtak:

«Vestlandsrådet ber om at det vert laga ei felles saksutgreiing til fylkestinga i oktober. Fristen for å løyse inn eksisterande verdikort utsettes til 01.01.2020.»

Det ble holdt et møte mellom Vegdirektoratet og fylkeskommunene 3. juli, men etter dette har det ikke lyktes å komme i noen konstruktiv dialog.

Statens Vegvesen sendte ut et brev 1. november, der det blant annet ble meddelt at de foreslår å innføre et AutoPASS ferjekort for person med 17% rabatt og forhåndsbetaling på minst 400kr.

Fylkesrådmannen ser at man er avhengig av en tettere dialog med Vegdirektoratet og Statens vegvesen for å komme videre. Man regner med at denne vil komme etter hvert, og at en kan komme tilbake til saken på første møte i Vestlandsrådet i 2020.

Fylkesrådmannens innstilling

Saken tas til orientering.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleder

Kontakten med Vegdirektoratet

03.07.2019 ble det holdt et møte med Vegdirektoratet og vestlandsfylkene for å identifisere og diskutere utfordringer knyttet til innføring av AutoPASS-regulativet.

På møtet ble følgende problemstillinger identifisert og diskutert

- regulative problemstillinger
 - forskudd
 - pris for næringsliv og pendlere
- tekniske problemstillinger
 - reisekort for brukere uten bil
 - idrettslag
 - kvittering om bord
 - konsernstruktur på «min side»

Under det enkelte punkt ble det redegjort for det tekniske, juridiske og økonomiske handlingsrom og konsekvenser. Det ble også redegjort for prosessen knyttet til endringer av regulativet, hvor Samferdselsdepartementet er besluttsende myndighet. Under punktet forskudd ble det understreket at forskuddsordningen må være felles for alle deltagere i det nasjonale ferjebilletteringssamarbeidet og at det således ikke er mulig med lokal variasjon.

Det ble også redegjort for departementets bestilling vedr virkning av innføringen av AutoPASS for ferje på fordelingen av kostander blant de ulike trafikantgruppene, samt departementets pressemelding med signaler om ønske om endringer av AutoPASS-ferjekortet.

Fylkeskommunene redegjorde på møte for status i det enkelte fylke, samt behandling i Vestlandsrådet. I flere fylker er det flere forhold som i tid sammenfaller slik at trafikantene i sum opplever at tilbudet er blitt dårligere og/eller dyrere. Rutetilbud og pris oppfattes i sammenheng. Lavere frekvens f.eks. som følge av at det er lagt til ladetid for elektriske ferjer bidrar ikke til aksept hos trafikantene for høyere priser.

Fylkeskommunene understreker behovet for at inntektene fra billettsalg er forutsigbare og på det nivå som man tidligere har kunnet forvente at de skulle være. Ulike forhold spiller inn slik at fylkeskommunenes økonomi er svekket knyttet til drift av ferjesamband og der er derfor viktig å sikre at de inntekter det er budsjettert med kommer inn.

Videre ble det diskutert hvordan AutoPASS for ferje-løsningen oppleves fra trafikanthold, og i hvilken grad den oppfattes som enhetlig. Prosjektet og Statens vegvesen er av den oppfatning at løsningen er enhetlig, men at bruk av kort er for statens del midlertidig til man har fått AutoPASS-brikkebetaling på plass. På riksveg vil dette i hovedsak skje ved oppstart av nye kontrakter. Men samferdselsministeren har bedt oss om å gjøre dette så raskt som mulig. Prosjektet mener også at om man ønsker å ha passasjerbetaling, vil dette kunne håndteres gjennom AutoPASS-ferjekortet og Riksregulativet for ferjetakster. Prosjektet er av den oppfatning at dette vil være lettere å forholde seg til som en løsning for alle parter, fremfor at det tas i bruk lokale betalingsmåter på fylkesvegferjesamband.

Avslutningsvis var det enighet om at temaet måtte følges opp i løpet av høsten, og at dette skal gjennomføres i forbindelse med møte mellom ledelsen i Statens vegvesen og fylkeskommunene.

Fylkesrådmannen har etter dette flere ganger etterlyst dette møtet, men det er så langt ikke blitt berammet. 17. september skrev Vegdirektoratet i en e-post til Rogaland fylkeskommune:

«Jeg har noen datoer på blokka, men det har vært krevende å finne tid hos de nødvendige interne ressursene. Jeg håper å sende en innkalling kanskje snart.

Vi har som du kanskje vet mottatt en rekke bestillinger fra Samferdselsminister og departement. Vi kommer ganske snart til å legge fram forslag til endringer på flere av de områdene der løsningen er kritisert.»

I og med at prosessen har stått stille i høst, så har det heller ikke vært mulig å fremme en likelydende sak, slik Vestlandsrådet har bedt om.

Statens Vegvesen sendte 1. november ut et brev om AutoPASS- regulativ for ferjetakster 2020 – høring til forslag om endringer, samt informasjon om besluttede endringer. Der ble det blant annet ble informert om følgende:

3.c) Innføring av AutoPASS-ferjekort for person, Kap. 14

Det er kommet ønsker om å lage et produkt som er mest mulig likt tidligere verdikort for person som ikke ble videreført ved oppstart av AutoPASS for ferje. Statens vegvesen foreslår en løsning som ligner på det tidligere produktet, men med en utvidelse ved at det kan knyttes inntil to personkort til avtalen på linje med AutoPASS-ferjeavtale for kjøretøy.

Statens vegvesen foreslår at bestemmelsen om AutoPASS-ferjekort for person plasseres i et eget nytt kapittel 14.

Nytt kapittel i Riksregulativet for ferjetakster ser slik ut:

14 AUTOPASS-FERJEKORT FOR PERSON

14.1 Inngåelse av rabattavtale for personreiser

Kunder kan inngå egen rabattavtale som bare gjelder for betaling av personkategorier. Rabattavtalen for personreiser administreres gjennom www.autopassferje.no der avtale kan opprettes uten tilknytning til kjøretøy eller tilknyttet en kjøretøyavtale.

Vilkår for rabattavtale for personreiser

Ved tegning av rabattavtale for personreiser tildeles det inntil to AutoPASS-ferjekort for person pr avtale. For å oppnå rabatter gjennom bruk av AutoPASS-ferjekort for person kreves det forhåndsinnbetaling på minimum kr 400. Ved bruk av AutoPASS-ferjekort for person oppnås det 17 % rabatt

Dette ser ut til å imøtekomme fylkeskommunene sine ønsker i saken.

Vedtaksprosess i fylkene på Vestlandet

Nedenfor redegjør vi for de prosessene og vedtak som har vært fattet i den enkelte fylkeskommune:

Møre og Romsdal

Fylkesutvalget i Møre og Romsdal vedtok 07.12.2015 i sak U-143/15 (Innføring AutoPASS i ferjedrifta) følgende:

«Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til innføring av AutoPASS ferjekort frå 1. januar 2017. Modellen med «Nasjonalt ferjekortsamarbeid» må vidareførast i dette konseptet.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til innføring av AutoPASS brikke i dei sambanda der dette kan forsvarast økonomisk. Innføring vil som hovudregel skje når ferjesambanda startar opp i nye kontraktar frå 2019 av.

Før neste anbudsutlysning innan ferjedrifta skal økonomiske, praktiske og administrative konsekvensar ved AutoPASS brikkeløysing vere vurdert.

Økonomiske konsekvensar for brukarane må også utgreiast.»

Høsten 2018 ble det lagt fram en sak med konsekvenser for brukere og fylkeskommunen ved innføring, og samferdselsutvalget vedtok å sende «innføring av AutoPASS-regulativ på fylkesvegferjer» på høring (SA-80/18). Etter høringen ble det lagt fram en sak som ble behandlet i samferdselsutvalget i mai, i fylkesutvalget i juni og som ble utsatt på fylkestinget i juni (T 27/19). Administrasjonen sin tilråding i saken var å innføre AutoPASS-regulativet (brikkeløsning) slik Vegdirektoratet har foreslått det (vedtakspunkt 1), men administrasjonen ba om at noen praktiske problemstillinger ble utbedret (vedtakspunkt 2):

«1. Møre og Romsdal innfører AutoPASS-regulativ for ferje på fylkesvegferjesamband i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Det er AutoPASS-regulativet slik Vegdirektoratet foreslår det som skal gjelde.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune ber departementet/vegdirektoratet sjå på følgjande problemstillingar for AutoPASS-løysinga:

- a. Redusere minstebeløp for påfylling av AutoPASS ferjekort for privat- og firmakundar*
- b. Auke rabattsatsen for næringslivet*
- c. Verdikort for personar må vidareførast fram til AutoPASS takstregulativ blir innført*
- d. Det må utarbeidast løysingar slik at idrettslag og frivillige organisasjonar får ei fleksibel løysing*
- e. Funksjonar som gjer det lettare å hente ut kvitteringar»*

Samferdselsutvalget ønsket å innføre en modell der vi har dagens takster i AutoPASS-regulativet og passasjerbetaling via automat/app som skal betales uoppfordret. Tilsvarende slik det er på buss i f.eks. Oslo. Fylkesrådmannens tilråding til fylkesutvalget var å holde fast på administrasjonen sitt opprinnelige forslag til vedtak. Fylkesutvalget opprettholdt samferdselsutvalget sin tilråding/vedtak (vedtakspunkt 1):

«1. Møre og Romsdal innfører ikkje AutoPASS-regulativet men ønskjer å bruke AutoPASS-løysing for ferje på fylkesvegferjesamband i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Personbetaling skal inntil vidare skje gjennom ei elektronisk billetteringsløysing.»

Det vil ikke bli innført brikkebetaling i på fylkesvegferjer i Møre og Romsdal før fylkestinget har gitt sin tilråding vedrørende AutoPASS-regulativ. Sak om innføring av AutoPASS-regulativ på fylkesvegferjer ble utsatt på fylkestinget i juni 2019 med følgende vedtak:

«Saka utsettes i påvente av møte med Vegdirektoratet, og til saka er behandla i Vestlandsrådet.»

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har saken «AutoPASS for ferje» ikke blitt behandlet politisk. Nåværende kontrakter går fram til 2025 og administrasjonen har derfor ikke sett grunn til å gjøre endring i eksisterende kontrakter. Det vil likevel være naturlig å ta en diskusjon i forkant av neste anbudsutlysning.

Hordaland

Innføring av AutoPASS som betalingsløsning på ferjesambanda i Hordaland ble vedtatt i 2015, i samband med nye ferjekontrakter i Hordaland, mens innføring av AutoPASS-regulativet ble vedtatt i 2017.

Fylkesutvalget i Hordaland vedtok 29.01.2016 i sak 25/2016 (Innføring av AutoPASS i ferjedrifta) følgende:

«1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferje anboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.

2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billetteringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.

3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.»

Som følge av vedtaket er det for de nye ferjekontraktene lagt til grunn bruk av AutoPASS-brikkelesing på alle ferjesambanda i Hordaland. Hvilken løsning som skal brukes for brikkelesing på det enkelte samband, altså om det skal brukes manuelle eller halvautomatiske løsninger, er opp til operatør å fastsette.

Fylkestinget i Hordaland vedtok i mars 2019, følgende oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak som redegjør for ulike alternativer for passasjerbetaling på fylkesvegferger»

12.06.2019, sak 104/2019: «Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass», vedtok fylkestinget følgende:

«1. Fylkestinget tar saken til foreløpig orientering.

2. For å samordna takstregulativet i flest mogeleg fylker, så bør denne saka takast opp på neste møte i Vestlandsrådet 21.juni, jfr diskusjonen som også pågår i Møre og Romsdal.»

Rogaland

Fylkestinget i Rogaland vedtok 01.03.2016 i FT-sak 10/16 (Tilrettelegging for betaling med AutoPASS på ferje – høring) følgende:

«Rogaland fylkeskommune ønsker å videreføre dagens ferjekortsamarbeid. Dagens verdikort fases ut og erstattes av et nytt ferjekort som kalles AutoPASS-ferjekort, som benytter tjenestene den Sentrale tjenesteleverandør tilbyr. Innføring av AutoPASS-brikkebetaling og Auto-PASS-takstregulativ skal vurderes innført i forbindelse med at det inngås nye anbudskontrakter på fylkesvegferjene.»

I senere tid har Rogaland fylkeskommune inngått noen kontrakter, basert på AutoPASS-ferjekort. Det er per i dag ingen fylkesferge i Rogaland med AutoPASS-brikkebetaling. Det er heller ikke noen planer om å innføre AutoPASS-brikkebetaling på fylkessamband i nær framtid.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/45820- 1
Saksbehandler: Kate Clarke, Hordaland
Avdeling: Fylkesrådmannen

Cruisestrategi for Vestlandet som case i mentorordning gjennom FINN-EU og Forskningsrådet

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
29/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Vestlandsrådet tek informasjonen til orientering.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Bakgrunn

Forskringsrådet og EU-nettverket FINN EU planlegg ei ny mentorordning for kommunar og fylkeskommunar som ynskjer å søkje Horisont 2020/Horisont Europa. Målet er å gi aktørane skreddarsydd og gratis hjelp. Tilbodet vil være for kommunar og fylkeskommunar (og eventuelt kommunale føretak og interkommunale selskap) som er særskilt motiverte for å søkje Horisont 2020 eller Horisont Europa. Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å delta i denne mentorordninga som Vestland fylke, med Cruisestrategien for Vestlandet som case. Frist for å søkje er 1. desember.

Horizont 2020 er EU sitt program for forskning og innovasjon. Budsjettet er på heile € 80 millionar og Europakommisjonen foreslår å auke budsjettet for neste rammeprogram frå 2021, Horisont Europa, til € 100 millionar. Hordaland fylkeskommune har jobba dei siste åra for å auke interesse og deltaking i Horisont 2020 blant regionale aktørar og har også søkt som partner i fleire prosjekt saman med lokale forskingsinstitusjonar eller aktørar.

Vestland fylkeskommune har planar om å ha ei meir strategisk tilnærming til dette arbeidet. Tilbodet om å søkje mentorordninga kan difor vere eit godt høve til å bygge programkompetanse og få rettleiing innafor prosjektutvikling på tema som er relevante for Vestland fylkeskommune og Vestlandet.

Krav om ei konkret utfordring – eit «case»

For at ein skal kunne delta i mentorordninga, er det eit krav at ein har skriftleg forankring både administrativt og politisk med avsett ressursar og at ein har ei konkret utfordring der ein skal utvikle nye løysingar gjennom eit trippel helix samarbeid. Ein skal ha utarbeida ein eller fleire strategiske planar og/eller handlingsplanar for arbeid med utfordringa. Ein skal også ha ein uttalt ambisjon om internasjonalt samarbeid og eit klart ønske om eit H2020-prosjekt.

Vestlandsrådet har sidan 2015 hatt eigarskap til dei fire vestlandsfylka sitt felles arbeid med ein Cruisestrategi for Vestlandet, Handlingsplanen til strategien og arbeidet som no er i gang for å iverksette tiltaka i Handlingsplanen.

Kvifor cruise som utfordring i ei mentorordning?

Utfordringane som er knytt til god handsaming av effekten av cruisetrafikk til destinasjonar på Vestlandet, og mulighetane som ligg i ei betre utnytting av den positive verdiskapinga på land er eit godt døme på eit omfattande arbeid med mange fasettar på tvers av FN sine tre søyler for berekraft. Det er behov for tett samarbeid med FoU-miljøa for å nå måla som er sett i strategi og handlingsplan, også vist gjennom forskingsprosjektet Sustainable Cruise, som fylkeskommunane også har samarbeida om. Problemstillingane knytt til miljø og klima er felles for alle hamner og destinasjonar, og det er naturleg å sjå til internasjonale miljø når det gjeld framtidige løysingar for drivstoff, handtering av logistikk på land, utslepp til luft og sjø og innhenting av kunnskapsmateriale. Dei andre Vestlandsfylkane kan også delta i prosjektutvikling alt etter tema som blir valt. Medarbeidarane som skal følge mentorprogrammet sørger for å opprette kontakt med dei to andre fylka.

Kvifor delta i mentorordninga

Deltakarane skal få oversikt over eksisterande og kommande Horisont-tema som samsvarer med utvalde politisk vedtekne strategien og handlingsplanar i verksemda. Føremålet er at

deltakarane skal få nok kunnskap om prosjektutvikling og søknadsskriving til å kunne delta som partner i ein søknad til Horisont 2020 eller Horisont Europa i løpet av to år. Ein skal få innsikt i Forskingsrådet sine stønadsordningar knytt til det å bygge nettverk, og å utvikle gode prosjekt og skrive gode søknader. Det skal opprettast kontakt med relevante nasjonale og europeiske partar knytt til prosjektideen. Vestland fylke vil derfor opparbeide seg betre kompetanse for å finne gode løysingar for Internasjonalt samarbeid knytt til cruisetrafikk, og andre eigna tema.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/46476- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Prosjektet Tiltak mot marin forsøpling

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
30/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Saken vert lagt fram til drøfting.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Tiltak mot marin forurensning har vore ei viktig sak for Vestlandsrådet, etter at ein på møtet 25. oktober 2017 vedtok at ein ønska å ta ei leiande koordinatorrolle på området.

Strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotn samt førebyggjande arbeid er peika ut som satsingsområde.

Det er oppretta eit prosjekt med leiar tilsett i Hordaland fylkeskommune. Stillinga er finansiert av Vestlandsrådet. På møtet 15. februar 2019, vedtok rådet følgjande:

1. *Vestlandsrådet godkjenner Årsrapport og handlingsplan frå prosjektet "Tiltak mot marin forurensning".*
2. *Vestlandsrådet løyver 600 000 kroner til vidareføring av stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut 2019.*
3. *Prosjektleiar får ansvar for å utarbeide ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.*
4. *Viser til tidlegare vedtak vedr problematikken med marin forurensning og ber om at desse vedtaka om god kontakt mellom Vestlandsrådets prosjektgruppe og representantar fra vestlandsfylka i Nordsjøkommisjonen og CPMR vert gjennomført.*

Prosjektet har hatt ein høg aktivitet i 2019, og ein viser til prosjektleiars rapport, vedlagt saka.

AU i Vestlandsrådet hadde februar 2019 eit møte med Klima- og miljødepartementet, der ein ga uttrykk for ønsket om å ta ei leiande og koordinerande funksjon på dette feltet. Møtet vart etterfølgt av eit brev datert 07.08.2019.

Departementet svarte i brev av 24.10.2019 at dei sette pris på engasjementet i saka, men at det ikkje var aktuelt å gje Vestlandsrådet noko formell rolle i arbeidet. Dei viser til Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) og oppmodar Vestlandsrådet til å søka kontakt med dei. Dette har prosjektet alt gjort.

Fylkesrådmannen hadde gjerne sett at svaret frå departementet var annleis. På den andre sida er det kanskje ikkje å venta at departementet ville gje formelle forvaltningsoppgåver til eit politisk samarbeidsorgan. Ved å ta den kontakten ein gjorde ovafor KMD, understreka Vestlandsrådet sitt klare engasjement i saka.

Vestlandsrådet sitt engasjement innan marin forurensning er ei oppfylling av fylkeskommunane si rolle som regional utviklingsaktør. Det er naturleg at fylkeskommunane tek ei slik rolle, i samarbeid med statlege, kommunale og private aktørar.

Som det går fram av statusrapporten, så har prosjektet til dømes god kontakt med SOMM og andre instansar.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Vestlandsrådet drøftar om prosjektet Tiltak mot marin forurensning skal vidareførast. Dersom Vestlandsrådet vel å vidareføre prosjektet lyt komme attende til løyvingar i Vestlandsrådet sitt budsjett for 2020.

Eiga sak om plaststrategi vert lagt fram på første møte i 2020.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Dato: 07.08.2019
Saksnr: 2019/32559
Dok.nr: 1
Saksbeh.: Arne Hope
Deres
ref.:

Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling

Vi viser til møtet mellom KLD og Vestlandsrådet 22.01.2019.

Vestlandsrådet ynskjer framleis å ta ei leiande og koordinerande rolle i arbeidet med marin forsøpling i landsdelen vår, og vi er i god gang med dette. Det er oppretta eit samarbeidsprosjekt der Hordaland er vertskap.

Føremålet med prosjektet er å auke samordninga av ressursane ytterlegare innanfor områda strandrydding, botnrydding og førebygging. Dette skjer i nært samarbeid med dei aktuelle fylkesmennene. Prosjektet arbeider og med å leggja til rette for meir forskning på utfordringane med plast på avvege, og dei konsekvensane dette har på natur og helse. Vidare arbeider ein for meir attvinning av ulike typar plast.

Prosjektet ynskjer å leggje til rette for ytterlegare å utvida denne tenesta i samtlege kystkommunar på Vestlandet.

Eit koordineringsmøte vart gjennomført i mars 2019 i samarbeid med fylkesmannen i Vestland. 31. mars 2020 planlegg vi eit felles koordineringsmøte med dei tre fylkeskommunane og fylkesmennene på Vestlandet, samt andre aktuelle aktørar. KLD vil og bli invitert.

Vestlandet ynskjer å vera ein pilotregion i eit samordna arbeid med marin forsøpling. Vi vil lansera ideen om eit «Interkommunalt utval for marin forsøpling», tilsvarande dagens Interkommunalt utval for akutt forureining, der og fylkesmannen, friluftsråda og Skjærgårdstjenesten og eventuelt andre interkommunale og lokale ressursar er med. Dette er tenkt å vera ein alternativ operativ løysingsmodell for framtida.

For å kunna ha ei koordinerande rolle, bør fylkeskommunane kunna tildelast midlar til arbeidet.

Langsiktige og føreseielege finansieringsløysingar er og viktige for dei profesjonelle og semi- profesjonelle som skal rydda, og for renovasjonsbransjen som skal samla inn, ta imot og handtera avfallet.

Vestlandsrådet håper KLD vil støtta opp om Vestlandet som ein pilotregion i eit samordna arbeid med marin forsøpling som skissert i brevet.

Med helsing

Solveig Ege Tengesdal

leiar i Vestlandsrådet/fylkesordførar i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Oppgi vårt saksnr når du svarer på brevet

29 OKT. 2019



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Hoveddokument



Vestlandsrådet
v/ Solveig Ege Tengedal

Deres ref

Vår ref

Dato

18/3916-4

24. oktober 2019

Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling

Vi viser til Vestlandsrådets brev av 7. august 2019 og tidligere kontakt med Klima- og miljødepartementet om marin forsøpling.

Vestlandsrådet ber i brevet om at Klima- og miljødepartementet støtter opp om Vestlandet som en pilotregion i et samordnet arbeid mot marin forsøpling. Dere viser til et opprettet samarbeidsprosjekt med Hordaland som vertskap, og som har som formål å styrke samordning av ressursene i nært samarbeid med fylkesmennene. Vestlandsrådet ser for seg en modell med interkommunale utvalg og med koordinerende fylkeskommuner som tildeles midler i et langsiktig perspektiv.

Klima- og miljødepartementet har under vurdering hvordan det nasjonale arbeidet knyttet til opprydding av marin forsøpling kan gjennomføres mest mulig effektivt. Miljødirektoratet har opprettet og leder en samarbeidsarena for statlige etater med oppgaver knyttet til opprydding. Fylkesmennene er gitt en regional koordineringsrolle i oppryddingsarbeidet. Vi gir driftsmidler til Hold Norge Rent, som viktigste koordinator for det frivillige arbeidet. Videre har regjeringen opprettet Senter for oljevern og marint miljø, som blant annet skal bidra til koordinering og økt samhandling mellom relevante aktører i ryddearbeidet. Senteret utarbeider i samarbeid med Hold Norge Rent en ny nasjonal database og nettportal for informasjon om opprydding av marin forsøpling. Dette skal omfatte kartverktøy, informasjon om ryddede områder, områder som trenger rydding, aksjoner, aktører med videre. Verktøyet skal ha informasjon egnet for ulike typer brukere, fra frivillige til statlige myndigheter.

Senter for oljevern og marint miljø gjennomfører på oppdrag fra Klima- og miljødepartementet flere regionale pilotprosjekter, hvor man blant annet skal identifisere

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 20
www.kld.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 882

Avdeling

Saksbehandler
Mai Britt Knoph
22 24 58 96

modeller for best mulig organisering av ryddearbeidet tilpasset regionens forhold. Det skal også sees på hvordan tilgjengelige statlige ressurser, herunder båter og teknisk utstyr, kan brukes best mulig og hvordan tilskudd herunder fra andre donorer kan bidra best mulig.

Det er positivt at Vestlandsrådet viser engasjement mot marin forsøpling gjennom initiativ for å styrke fylkeskommunenes bidrag i dette arbeidet. Vi ser ikke for oss en umiddelbar gjennomgang og endring av ansvarsforhold på marin forsøpling eller endring av den statlige finansieringen. Når det konkret gjelder lokalt samarbeid og samordning av ressurser, anbefaler vi at dere kan knytte kontakt med Senter for oljevern og marint miljø for erfaringsutveksling.

Med hilsen

Pål Spillum (e.f.)
avdelingsdirektør

Mai Britt Knoph
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



Statusrapport prosjekt om marin forsøpling

Den 25. oktober 2017 vedtok Vestlandsrådet at dei ønska å ta ei leiande koordinatrorolle innan marin forsøpling langs vestlandskysten.

Vestlandsrådet ynskja i tillegg å medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen nasjonalt for å sikre nødvendige prioriteringar og ressursar til arbeidet, samt medverke til at temaet vart fylt opp i internasjonale fora, som t.d. Nordsjøkommisjonen/CPMR.

I VR-sak 06/18: Tiltak mot marin forsøpling vart innsatsområda strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotnen og førebyggjande arbeid peika ut som satsingar som det var ønska å jobbe vidare med. For kvart innsatsområde ble det satt et hovudmål og en rekke delmål. Det vart samtidig sett av 400 000 kroner til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiar for prosjektet.

VR møte 15.02.2019 ble årsrapport og vidare handlingsplan for 2019 vedtatt. Vestlandsrådet løyva 600 000 kroner til stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut året 2019, 01.07 - 31.12.2019, til å fortsetta arbeidet. Prosjektleiar fekk ansvaret for å skrive ein plaststrategi for dei fire fylkeskommunane på Vestlandet for Vestlandsrådet, i tillegg til å arbeide tettare opp mot Nordsjøkommisjonen.

Vestlandsrådets arbeidsutval gjennomførte i januar 2019 et møte med Klima- og miljødepartementet etter vedtak i VR-sak 06/18. I møtet vart det løfta frem moglegheit for at Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling kunne bli eit nasjonalt pilotprosjekt. Samtidig vart det påpeika behov for å samarbeide med fylkesmannen med tanke på ønska roller. Møte har i etterkant vært oppfylt av eit skriv i frå Vestlandsrådet, der Klima og Miljødirektoratet viste til rolla som var gitt SOMM- Senter for oljevern og marint miljø og ba Vestlandsrådet fylgje dette opp.

Prosjektleiar meldar om at Vestlandsrådet sitt prosjekt, berekraftige tiltak mot marin forsøpling er i dialog med SOMM. Prosjektleiar sit og i SOMM sin referansegruppe knytt til den nasjonale kartløysninga. Vidare viser en til kortfatta status over ulike aktivitetar i dette dokumentet, samt vedlagt handlingsplan for 2019.

Prosjektstruktur.

Prosjektet har siden 1. November 2018 vart leia av prosjektleder Gudrun Kristin Fatland, via Hordaland fylkeskommune. Prosjektleiar jobbar i lag med ei arbeidsgruppe med representant ifrå kvar fylkeskommune:

- Rolf Årdal, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
- Thorsten Gøtterup, Rogaland Fylkeskommune.
- Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal Fylkeskommune.
- Sveinung Klyve, Hordaland Fylkeskommune.

Vedtakskompetanse.

Vestlandsrådet sitt styre har avgjerdsmynde til å kunne vidareføre prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet.

Vedtaket vil medføre økonomiske konsekvens for fylkeskommunane i Vestlandsrådet, både på kort og på lang sikt avhengig av val knytt til stillingsressurs vurdering.

Økonomi.

Fylgjande økonomioversikt knytt seg til forslag til vedtak i dette saksdokumentet.

Forslag til vedtak	Stilling for Vestlandsrådet	Stillings %	Tidsperiode	Stillingsressurs VR. NOK.
	Prosjektleiar	100%	01.01.2020 – 31.12.2020	900 000

Det er i forslaget ovanfor satt av midlar til stillingsressurs som inkluderer lønn, sosiale kostnader, reise, kost og losji.

Budsjettet så langt i prosjektet, 11.2019:

Stilling for Vestlandsrådet	Stilling%	Tid	Innskudd til stillingsressurs VR i oppgitt tidsperiode.	Lønn/ sosiale kostnader	Reise, mat	Sum NOK
Prosjektleiar	50%	01.11.2018 - 30.04.2019. 01.05.2019 -30.06.2019.	400 000	- 176 666	- 30 814	
Sum rest beløp NOK			400 000	- 176 666	- 30 814	192 520

Vidare er prognosen ut året som følger:

Stilling for Vestlandsrådet	Stilling%	Tid	Innskudd til stillingsressurs VR i oppgitt tidsperiode.	Lønn/ sosiale kostnader	Reise, mat	Sum NOK
Prosjektleiar	100%	01.07.2019 – 1.12.2019	600 000	- 273 500	- 2 000	
Prognose rest beløp NOK			600 000	- 273 500	- 2 000	324 500

Ettersom prosjektet ikkje er avslutta har ein og satt opp foreløpig akkumulert budsjettprognose ut året 2019, som utgjør fylgjande prosjektoverskudd på kr. 517 020,-.

Prognose	Tid	Rest innskudd	Sum NOK
Prognose restbeløp prosjekt innskudd totalt	01.11.2018 – 31.12.2019	192 520 + 324 500	517 020
Sum prognose prosjektmidler 31.12.2019.	31.12.2019		517 020

På bakgrunn av at ein har nytta videokonferanse i høg grad har ein kunne gjennomføre arbeidet med vesentleg redusert reisekostnad, samt en har valt å redusere klimautslepp ved å velje videokonferanse framfor reise. HFK har tolka og ført midlane som prosjekttressurs.

Møteaktivitet.

Foreløpig er det gjennomført ni prosjektmøter med prosjektleiar og arbeidsgruppa i Vestlandsrådet. Tabellen nedenfor viser møteplan for ordinære prosjektmøter med arbeidsgruppa:

Måned	Dato	Måned	Dato
Januar	04.01.2019	September	18.09.2019
Februar	18.02.2019	Oktober	03.10.2019
Mars	15.03.2019	Oktober	17.10.2019
(April	02.04.2019)	Oktober	31.10.2019
Juni	21.06.2019	November	13.11.2019
August	29.08.2019	November	28.11.2019
September	06.09.2019	Desember	12.12.2019

Dette i tillegg til andre møter som prosjektleiar utførar knytt til ulike aktørar til diverse anna aktivitet, andre prosjekter, og arbeid som prosjektleiar i Vestlandsrådet utførar til knytt prosjektet.

Prosjektleiar har via HFK etablert prosjektstyringssystem tilknytt prosjektet i sharepoint kor prosjektrelevant informasjon blir kommunisert og delt til arbeidsgruppa.

Status og generell aktivitet.

Marin forsøpling er framleis ein av havets største utfordringar. Innsatsen og fokuset om å rydde opp på land, i hav og førebygge forsøpling er avgjerande for å nå ein nullvisjon av tilførsel av plast til havet, som Norge har satt seg einige å nå. Dette i tillegg til FN's øvrige berekraftsmål, og spesielt nr. 14 om livet under vatn, nr. 15 livet på land, og berekraftsmål nr. 17 og nr. 9 for innovasjon og infrastruktur som visar til samarbeid for å nå måla, sanitærforhold og reint drikkevatt som belyst i berekraftsmål nr. 7.



Vidare ynskjer Norge å fremma forslag mot forbod av noko typar eingongsplast nasjonalt, i samsvar med EU sitt framlegg om forbod mot eingongsplast. Vidare melder og **Regjeringa** om auka internasjonalt samarbeid, der ein ynskjer om å få plass ein global avtale mot marin forsøpling og mikroplast innan 2023. Norge satt av 1,6 milliardar kroner til utviklingsarbeid til å arbeide med marin forsøpling i tids perioda 2019 – 2022, ettersom plast utfordringa er ein global miljøkrise som vi må gjere noko med. Kjelde: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/viktig-skritt-mot-en-ny-global-avtale-mot-plastforurensing-av-verdeshavene/id2675050/> lest: <23.10.2019>.

- **Prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet** gjennomførte eit koordineringsmøte 2. april 2019, i lag med Fylkesmannen i Vestland i Bergen. Det årlege koordineringsmøte med Vestlandsrådet sitt prosjekt vil bli arrangert i Stavanger, 31.mars 2020. I 2020 vil Vestlandsrådet sitt prosjekt arrangere møte i lag med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Rogaland, og Fylkesmannen i Vestland. Senter for oljevern og marint miljø er og førespurt og er med i planlegginga av møte, der de og vil være ein bidragsytar med eige innlegg.
- Vidare er det etablert dialog og samarbeid med ulike aktørar som Fylkesmennene på Vestlandet, Senter for oljevern og marint miljø - SOMM, Avfall Norge, Kystverket, Barents Watch, Avfall Norge, NORCE, HI, SINTEF, UiB, Runde Miljøsentra, dette i tillegg til den kontinuerlege dialogen med Friluftsråda på Vestlandet, Nordsjøkommisjonen, ulike kommunar, og andre aktørar som arbeider med marin forsøpling, eksempelvis Handelens Miljøfond.
- Søknader og prosjektskildringar er utarbeida med ulike samarbeidspartnarar for å få inn fleire midlar til å kunne arbeide med berekraftige tiltak mot marin forsøpling, blant anna til Forskingsrådet og Handelens Miljøfond. Dette er søknader ein ikkje får svar på før i slutten av 2019, 2020 i fra forskingsrådet. Året er ikkje ferdig og det er her berre ein forkorta oppsummering og utdrag i frå noko av arbeidet som er gjort. Som nemnt er det sendt inn ein rekkje søknader og supplerer med at samlege prosjekt er tverrfagleg, der ein omfattar store breidde i frå blant anna statlige institusjonar, interkommunale samarbeidsorgan som friluftsråd, forskingsinstitusjonar, renovasjonsselskap, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, og blant anna SOMM.

- Prosjektleder sitt i referansegruppe for den nye kart og forvaltningsløsninga til Senter for Oljevern og Marint Miljø (SOMM) som vil bli lansert i 2020.
- Under Avfall Norge, og SOMM sitt felles arrangement “Kunnskapsdagar” i Bergen. 4. juni 2019 holdt prosjektleder i Vestlandsrådet innlegg, om arbeidet og la fram forslag til operativ løsningsmodell basert på ein IUA modell, men presentert som ein IUM versjon og løsningsmodell basert på ein etablert infrastruktur.
- Vidare er det sendt inn søknad til Forskningsrådet om; “Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning”. Der Vestlandsrådet har vært drivande og utførande i søknads prosessen i lag med NORCE. Søknaden har vært utarbeide i lag med prosjektpartnerane: Bergen og omland friluftsråd, Sunnmøre Friluftsråd, Finnmark Friluftsråd, Jæren Friluftsråd, Friluftsrådet Møre og Romsdal, Barents Watch, Asplan Viak, Haltenbanken Design Bergen AS, Ryfylke Friluftsråd og NORCE. Eit prosjekt der og SOMM, HNR, og blant anna Kystverket står som part i den rådgjevandegruppa til prosjektet. BOF står som prosjektansvarleg og vil bidra med prosjektleder. Søknaden har vært utarbeide i lag med prosjektpartnerar som Bergen og omland friluftsråd, Sunnmøre Friluftsråd, Finnmark Friluftsråd, Jæren Friluftsråd, Friluftsrådet Møre og Romsdal, Barents Watch, Asplan Viak, Haltenbanken Design Bergen AS, Ryfylke Friluftsråd, NORCE, i lag med prosjektleder i Vestlandsrådet, eit prosjekt der og SOMM, HNR, og blant anna Kystverket står som part i den rådgjevandegruppa til prosjektet.
- Søknad til Handelens Miljøfond vedr. berekraftig havbotnoppdydding på Møre. Der ein basert på data i frå Mareano prosjektet vil målretta vurdere og heve opp eigarlaust marin avfall på havbotnen på ein ny, effektiv og meir berekraftig metode ved bruk av arbeidsROV som tidlegare ikkje har blitt nytta ved havbotn oppdydding av marint avfall. Søknaden er sendt inn ilag med ein rekkje prosjektpartnerar som blant anna Havforskningsinstituttet, Olympic shipping, Runde Miljøsentor, Salt Lofoten, Fishing for Litter. Sunnmøre Friluftsråd som står som prosjektansvarleg og prosjektleder for dette prosjektet. Vi får svar på denne søknaden innan desember 2019. Der prosjektleder i Vestlandsrådet har utarbeida projektskisse. Prosjektleder i Vestlandsrådet sitt i styringsgruppa for prosjektet berekraftig havbotnoppdydding på Møre. Fiskeridirektoratet er orientert. Både Kystverket, og SOMM ynskjer å haldast oppdatert om prosjektet prosess og resultat. Partane vil til ein kvar tid kunne ha innsyn i prosjektet.
- En arbeidsgiver og med utarbeiding av projektskildring av digitalt læringsopplegg til førebygging av marin forsøpling. Opplegget er planlagt distribuert via NDLA, nasjonal digital læringsarena eig av fylkeskommunar. Fleire aktørar, friluftsråd, forskarar og andre er med i utarbeidinga av prosjektet. Planen er å søke midlar via Handelens Miljøfond, eventuelt andre finansieringsløyningar. Parallelt vurdere å sende inn forslag om opplæringsinnhald til Utdanningsdirektoratet.
- I slutten av November 2019 har Vestlandsrådet satt opp eit møte Handelens Miljøfond, Fylkesmannen i Vestland, Hordaland Fylkeskommune, Kystverket og SOMM for å sjå nærmare på finansieringsløyning av effektivt og profesjonelt oppdyddingsarbeid på Vestlandet, etter initiativ i frå Handelens Miljøfond.
- **Av signerte avtaler** kan prosjektet for berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet vise til at Bergen og omland friluftsråd har på bakgrunn projektskildring utarbeida av prosjektleder i Vestlandsrådet fått tildelt midlar i frå Handelens Miljøfond på **kr. 4.5 millionar** tilknytt prosjektet Plastfritt Naturreservat Tysnes. Eit oppdyddingsarbeid med ein målvisjon om å tilbakeføre naturen tilbake til sin naturlige stand. sendt inn til Handelens Miljøfond. Prosjektleder i Vestlandsrådet sitt i styringsgruppa for prosjektet Plastfritt Naturreservat Tysnes. Eit prosjekt SOMM og er orientert om, og vil haldast oppdatert om resultat i frå.



Kjelde:
<http://www.vestlandsraadet.no/framsida/bere-kraftige-tiltak-mot-marin-forsøpling>

Berekraftige tiltak mot marin forsøpling


26. september 2019 signerte Handelens Miljøfond og Bergen og Omland Friluftsråd kontrakt om gjennomføring av prosjektet: Plastfritt Naturreservat Tysnes.

Prosjektets visjon er å få naturen tilbake til sin naturlige stand, der målet er ein plastfri skjærgård. I oppryddinga skal ein utvikle og teste ut ny metode og utstyr for grundig opprydding av plast ved ulike vikar i naturreservatet. Sjelve oppryddinga vil forgå i tråd med naturmangfoldloven og gjeldande regler for verneområder. Prosjektet startar oktober 2019. Sjelve hoved oppryddingsdelen av prosjektet vil bli avslutta 15. april 2020, før fuglane si hekketid.

Kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling der og konsekvensanalyse av makro, mikro og nanoplast i miljøet vil være gjennomgåande i heile prosjektet vil foregå i til 2024.

Med heile 4.5 millionar til disposisjon som gåve i frå Handelens Miljøfond ser samlege prosjektpartnarar fram til gjennomføringa av prosjektet som startar alt i oktober 2019. Prosjektet vert utført i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland, Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM), Tysnes Kommune, Lindum, NORCE, Havforskningsinstituttet, BOF og Vestlandsrådet

- Vestlandsrådet er og ein samarbeidspart knytt til eit samarbeidsprosjekt mellom NORCE, HI og Bergen og omland friluftsråd. Prosjektet vart finansiert i 2019 av Handelens Miljøfond med **kronar 300 000,-**. Der ein med opp trening av autonom programvare kan gjenkjenne plast på havbotn. Der målet med prosjektet har vært å kunne sjå og tilby anbefalt metode for opprydding av hav søppel og eigarlaus marint avfall på havbotn. Slik at ein kan foreta miljøvennlige, berekraftige, effektive og presise oppryddingar på havbotn.
- Prosjektleiar har fått utarbeida kartoversikt med oversikt over kor det er Friluftsråd, Skjærgårdstjenesten, som og fortell oss kva etablerte ressursar som er dei ulike områda. pr. 24.10.2019.



Link til kartet finn ein her:
<https://hordalandfylke.maps.arcgis.com/apps/PublicInformation/index.html?appid=9d839196b32f45939ac1965d0c322832>

- Nylig har forskingsrådet og innovasjon Norge delt ut midlar til to klyngesamarbeid på Vestlandet knytt til marin forsøpling. Der HFK har finansielt støtta oppunder med midlar til den eine klynga, NOSCA Clean Ocean med hovudkontor i Bergen. Prosjektet til Vestlandsrådet

har etablert dialog med Marie Recycling Cluster på Møre med utgangspunkt i Vesterålen som var den andre klynga som fekk tildelt midlar knytt til marin forsøpling.

- Vidare arbeidar ein og med potensielle Horizont 2021 søknadar.

Konklusjon.

Prosjektet har arbeida for økt statlig og anna nasjonal finansiering via Handelens Miljøfond til opprydjing, ny metode utprøving, forskning, førebygging, og innovasjon. Dette i tillegg til at HFK har tildelt egne midlar til friluftsråd og andre som arbeidar med marin forsøpling i Hordaland.

Prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet er ein bidragsyter og part i prosjekt som har fått tildelt 4,8 millionar i frå Handelens Miljøfond. Som eit PSO prosjekt har ein økt intern og ekstern kompetanse, kunnskap, delt erfaring og nettverksdeling, i tillegg til å ha tilrettelagt for økt system og effektivisering av metodar innanfor opprydjing på land, opprydjing på havbotn, kartlegging, førebygging, kommunikasjon og innovasjon.

Behovet for å halde fokus på tema marin forsøpling er aukande og vil fortsette å være i dei kommande åra, då og sett i samanheng med økte transportveggar av plast og knytt til klimaendringar, meir ekstremvær og på sikt havnivåstigning. Førebyggjande arbeid og innarbeiding av plaststrategien blir viktig for å nå målet om ein plastfri natur på land og i hav.

Vidare vil det og være behov for å arbeidet for at det operative ansvaret for marin forsøpling blir plassert, formalisert og langsiktig og føresjåeleg finansiert. I tillegg til moglegheita til å kunne fortsette å halde fokus på og setje marin forsøpling på den politiske agendaen og lede ved eksempel.

Samt tid og vidare ressursar for å implementere Plaststrategi for Vestlandsrådet.

Prosjektet har levert svært gode resultat, for å oppnå vidare gevinstrealiseringa vil det være hensiktsmessig å vidareføre Vestlandsrådet sin satsing mot marin forsøpling og prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling.

Gudrun Kristin Fatland
prosjekteiar

Saksframlegg

Arkivreferanse:2019/37382- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Europapolitisk forum - oppnemning av nytt medlem

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
31/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Vestlandsrådet oppnemner Åshild Kjelsnes til å møta i Europapolitisk forum 14. januar 2020.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Europapolitisk Forum er samarbeidsorganet mellom forvaltningsnivåa i Europapolitikken (EU/EØS-saker) og Utanriksdepartementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS, landsdelsutvala og Sametinget er medlemane i forumet.

Dei siste åtte åra har Jon Aasen, fylkesordførar i Møre og Romsdal vore Vestlandsrådet sin medlem i forumet.

Neste møte i forumet er sett til 14 januar 2020, men sidan KS ikkje får vald nye medlemar til då, er det bestemt at det er medlemane frå perioden 2014-19 som skal møta på dette møtet, medan nyvalde medlemar skal møta på haustmøtet i forumet.

Då skal kvar av dei nye fylkeskommunane ha ein eigen medlem i forumet. Det er sett ned ei arbeidsgruppa som førebur nytt mandat for forumet.

Sidan Jon Aasen ikkje er medlem av fylkestinget frå hausten 2019, må Vestlandsrådet velja ein annan til å møta 14.januar.

I dag er Vestlandsrådet med i den administrative kontaktgruppa som førebur møta i forumet. Det er ikkje avklara korleis dette vil bli framover, men det vil bli drøfta i arbeidsgruppa som førebur nytt mandat for forumet.

Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet rådde på sitt telefonmøte 25. november til at Åshild Kjelsnes vert oppnemnd til å møta.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/44463- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Møteplan for Vestlandsrådet 2020

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
32/2019	27.11.2019	Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Møta i Vestlandsrådet 2020 vert sett til desse datoane:

Tysdag 25. februar i Møre og Romsdal

Onsdag 17. juni i Rogaland

Tysdag 17. november i Vestland

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Vestlandsrådet har til vanleg tre møte i året. I tillegg har AU 5-7 telefonmøte (7 hittil i 2019).

Møta alternerer mellom dei samarbeidande fylka. I 2019 var dei lagt til Sola (Rogaland), Førde (Sogn- Fjordane, og Bergen (Hordaland).

Ein naturleg rekkefølge for møta i 2020 burde då vera: Møre- og Romsdal, Rogaland og Vestland.

Sekretariatet har gått gjennom oversikten over møter i fylkeskommunale politiske organ i Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland. Ut frå denne har vi funne kva dagar som kan vera aktuelle. KS sin møteplan er og viktig, og vil vera klar før møtet i Vestlandsrådet. Det vi veit pr no, er at dei siste fire dagane i januar er det strategikonferansar i Vestland og Rogaland.

Framlegget nedanfor bygger på at møta tradisjonelt har vore i februar, juni og november. Vidare har ein helst villa unngå måndag og fredag som møtedagar.

Her er ikkje lagt fram møteplan for Arbeidsutvalet, då det beste vil vera om dei sjølve set denne opp på nyåret.

Bakgrunn for saken

Problemstilling

Saksopplysninger

Fylkesrådmannens vurderinger

Konklusjon

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Møteplan Vestlandsrådet – dager som ikkje kolliderer med møte i fylka

Februar

Måndag 3., fredag 7., måndag 10., fredag 14., måndag 17., fredag 21., tysdag 25., onsdag 26., torsdag 27., fredag 28.

Juni

Fredag 5., måndag 8., fredag 12., onsdag 17., fredag 19., måndag 22., onsdag 24. juni og resten av månaden